

Gjerde



Grenda og garden Gjerde ligg mellom Njøsaelvi og Henjaelvi. Elvene kjem frå Njøsadalen og Henjadalen, dalføre med fint turterreng. På Gjerde møtest tre vegar, og dette området er difor kalla Trisparvollen. Ein veg går mot aust over Njøs til Nokkaneset, ein går ned Gjertrudbakken til Hermansverk og ein går nordover gjennom Hagane mot bustadområde, gardsbruk, barneskulen, idrettsplassen og ski- og friluftsområdet Kleppa. Kommunen har rike landbrukstradisjonar med gode vekstvilkår, godt klima og store utmarksområde. Husdyrhaldet var kombinert med frukt- og bærdrking. Sauehald har lange tradisjonar. I Gjerde ligg ein av få gardar som framleis har både frukt- og bærdrking og husdyrhald. I eit samarbeid mellom brukarar på Gjerde og forskarmiljøet på Njøs vart det utvikla nye dyrkingsmetodar for bringebær. Sygna Ullvarefabrikk ved Henjaelva, oppstarta i 1915, hadde mange industriarbeidsplassar fram til den vart nedlagd i 1982. I området er det jordbruk, verkstad og visnings- og serveringsplassen «Villmarka».



The Hamlet Gjerde is situated between the rivers Njøsaelvi and Henjaelvi. The rivers come from the valleys Njøsadalen and Henjadalen, which both have beautiful hiking terrain. Three roads meet in Gjerde, and the area is therefore called Trisparvollen. One road goes to the east across Njøs to Nokkaneset, one goes down Gjertrudbakken to Hermansverk, and one goes north through Hagane towards residential areas, farms, primary school, a sports area, and the skiing and recreation area Kleppa. The municipality has rich agricultural traditions with good conditions, a favourable climate, and large outlying areas. Livestock husbandry was combined with fruit and berry production, and sheep farming has long traditions. One of the farms in the town that still has both fruit and berries, and livestock husbandry, is situated at Gjerde. Collaboration between the farmers of Gjerde and the research environment at Njøs has resulted in new cultivation methods for raspberries. Sygna Wollen Mill from 1915 provided many industrial jobs until it was shut down in 1982. In the area surrounding the factory there is agriculture, workshops and the visitor center «Villmarka».

- 1 Sygna Ullvarefabrikk
- 2 Trisparvollen



Systrend sogelag



Leikanger



Leikanger kommune

Andre språk - meir informasjon / Other languages - more information: www.systrend.sogelag.no • www.leikanger.kommune.no • www.opplevleikanger.no

Informasjonstavla er laga i eit samarbeid mellom Systrend Sogelag og Opplv Leikanger med støtte frå Leikanger kommune, Sparebankstiftinga og Gjensidigestiftinga. • Layout: IHP as - Leikanger